



Agnes Hoshovde Bernes
Vetåsvegen 161
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1621 - 17/7726

Saksbehandlar:
Jorunn Krossøy
jorunn.krossoy@radoy.kommune.no

Dato:
14.06.2017

Referat frå møte i SU/SMU 18. mai 2017

1. Referat frå sist møte godkjent.
2. Korleis jobbar vi med dialog og medverknad.
 - Elevundersøkinga viste at skulen har eit forbettringspotensiale her.
 - Skulen ønskjer et tett samarbeid med føresette, der føresette engasjerer seg, og visar interesse for borna sin skulegong. Dette skjer gjerne gjennom at føresette formidlar ei positiv innstilling til læring og til skulen, og at dei gjev uttrykk overfor borna at skule er viktig. Skulen brukar Visma-flyt i samarbeid med føresette, der det til dømes er lagt opp til at informasjon og vurderingar vert lagt tilgjengeleg for føresette før utviklingssamtaler. Erfaringar viser at svært få føresette les og set seg inn i desse vurderingane før utviklingssamtalen. Skulen må kommunisera desse forventingane tydelegare i god tid før utviklingssamtalene neste skuleår.
 - Elevmedverknad, og elevanes rettigheter kring dette står sterkt. FAU-leiar viser til positive erfaringar som er gjort dette skuleåret, der særleg elevkvelden med «Absens cru» var eit døme på stor grad av elevmedverknad. Ein må ta med seg desse erfaringane vidare, og få til større grad av elevmedverknad i framtida.
 - Elevane bør delta på utviklingssamtalar. Det har vore litt varierende om elevane har vore med eller ikkje, og fleire oppfattar dette som frivillig. For å sikre god elevmedverknad er det viktig at eleven og den det handlar om deltar på utviklingssamtalar. Dersom det er behov for at kontaktlærar og føresette skal ta opp noko som eleven ikkje skal ha innsyn i, må samtalen eventuelt delast opp. Skulen skal formidle dette tydelegare når vi kallar inn til nye utviklingssamtalar.



3. Informasjonsflyt mellom skule og heim.

- I samarbeid mellom SFO og heim, vert det i stor grad nytta tekstmeldingar. Dette ser ut til å fingere bra.
- Heimesida er den offisielle kanalen for informasjon. Visma-flyt skal brukast i samband med utviklingssamtalar og vurderingar.
- Leiinga på skulen må sjå om også andre kanalar kan nyttast, og lage ein strategi for korleis informasjonsflyten mellom skule og heim kan bli betre. Skal vi til dømes nytte It`s learning? Dette har vore brukt tidlegare, men er ikkje brukt no. Det er viktig at alle på skulen gjer det likt og at skulen har ein felles strateg. Det kan også være behov for kompetanseheving og opplæring for personalet og for føresette?
- Skulen har oppretta ei facebookside. Denne skal nyttast til små glimt frå kvardagen, og kan i tillegg legge ut lenkar til heimeida for å auke tal treff her.

4. Gjennomgang av utkast til årsmelding.

- Sjå vedlagt årsmelding

5. Forventa endringar i opplæringslova §9a. Korleis skal ein informera føresette om endringar.

- Alle skulane i kommunen jobbar saman om ein strategi for dette. Dette vil skulen komme tilbake til når den nye love er vedteke og strategien er klar.

6. Kort orientering/drøfting om arbeid neste skuleår v/leiar.

7. Eventuelt

- Politkarrepresentant tar opp spørsmålet om leksehjelp. Ho tek vidare spørsmål til kommunestyret kvifor ordninga med leksehjelp er flytta til U-steget i Radøy. Og om det eventuelt er aktuelt å leggje til rette for leksehjelp på Sæbø skule. Det Alle skulane i kommunen jobbar saman om ein strategi for dette. Dette vil skulen komme tilbake til når den nye love er vedtatt og strategien er klar.

Med helsing

Jorunn Krossøy
sekretær Sæbø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andreas Olsnes Takvam	Sæbøvegen 290	5938	SÆBØVÅGEN
Eli Blomvågnes			
Gunnhild Soltveit			
Jon Askeland			
Kari Mette Ulvatn Bø			
Mikal Haukeland Heggernes	Vetåsvegen 117	5938	SÆBØVÅGEN
Solfrid Lunde			

Mottakrar:

Agnes Hoshovde Bernes	Vetåsvegen 161	5938	SÆBØVÅGEN
Arve Hagesæter			
Emilie Knarvik Haukeland	Vetåsvegen 77	5938	SÆBØVÅGEN
Helene Fjermestad			
Kjetil Oen			
Kristoffer Oen-Lunde	Radøyvegen 1000	5938	SÆBØVÅGEN
Liv Berit Rath			
Marit Hornnes			
Robert Lorang Hansen			
Solveig Elvik			
Trine Merete Jansen			